

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 15.01.2009
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 14.01.09**

Styresak 005/09 O

Styremøte 04.02. 2009

Administrerande direktør si orientering pkt 12

Dato for brev	Saka gjeld	Status
19.09.08	Overordna nasjonal helse- og sosialberedskapsplan. Revidert plan på høyring.	Høyringsfrist 05.12.08. Uttale ikkje gitt.
14.10.08	Indeksregulering av forskrifter i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sine forskrifter.	Høyringsfrist 04.12.08. Uttale ikkje gitt.
15.10.08	HOD har gitt Helsedirektoratet i oppdrag å utvikle faglege retningslinjer for førebygging, vurdering og behandling av overvekt og fedme retta mot primærhelsetenesta. Retningslinjene er no utarbeidd og sendt på ekstern høyring.	Høyringsfrist 31.12.08. Uttale sendt 16.12.08. I uttalen blir det vist til at Helse Vest har etablert eit regionalt senter for behandling av sjukeleg overvekt i Helse Førde, og at det noe også er etablert tilbod for slik behandling ved dei andre helseføretaka. Fagmiljøet i Helse Førde har gitt nokre mindre merknadar til retningslinjene.
20.10.08	Forslag om omlegging av kontrollavgift for legemiddel. Forslag om at kontrollavgift skal bli krevd inn frå legemiddelgrossist i staden for frå leverandør.	Høyringsfrist 30.01.09. Apoteka Vest er førespurd om å utarbeide forslag til høyringsuttale.
20.10.08	Tilgong til behandlingsretta helseregister på tvers av verksemdsgrenser og etablering av verksemdsovergrepande behandlingsretta helseregister.	Høyringsfrist 12.01.09. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknadar. Uttale sendt 12.01.08. Sjå eigen sak.
22.10.08	Nasjonale faglege retningslinjer for diabetes.	Høyringsfrist 31.12.08. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknadar. Uttale sendt 22.12.08. I uttalen er det vist til at det er prisverdig at det nå ligg føre felles retningslinjer for både primær- og spesialisthelsetenesta. Det er vidare peikt på

		at utkastet er grundig og omfattande med svært godt dokumenterte tilrådingar. Det er gitt 11 særskilde kommentarar til retningslinjene.
29.10.08	Forslag til endringar i apoteklova og apotekforskrifta. Formålet med dei føreslåtte endringane er dels å forenkle lovgivinga og dels å bringe lovgivinga i tråd med den utviklinga som har funne stad etter at loven tok til å gjelde.	Høyringsfrist 12.01.09. Uttale ikkje gitt.
31.10.08	Forslag til permanent sprøyteromslov.	Høyringsfrist 12.12.08. Uttale ikkje gitt.
19.11.08	Forslag til endringar i regelverk og takstar – folketrygda si stønad til dekning av utgifter til tannbehandling.	Høyringsfrist 10.12.08. Uttale ikkje gitt.
12.12.08	Forslag til forskrift om praktisk teneste (turnusteneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut.	Høyringsfrist 15.03.09.
16.12.08	Høyring – rapport "Etterkontroll av reglene om strafferettslig utilregnelighet, strafferettslige særreaksjoner og forvaring".	Høyringsfrist 01.04.09.
17.12.08	Forslag til forskrift om endring av forskrift om eigendelstak 1 mv – innføring av automatisk frikortordning.	Høyringsfrist 20.02.09.
19.12.08	Forvaltningsreforma – høyringsnotat med lovforslag om fylkeskommunane sine oppgåver i folkehelsearbeidet.	Høyringsfrist 27.02.09.
19.12.08	Forslag til endring i barnevernlova om å legge det overordna ansvaret for tilsynet med barnevernet til Statens helsetilsyn.	Høyringsfrist 13.02.09.
12.01.09	Høyring om arbeid og omsorg. Høyringa omfattar forslag til lovendringar med sikte på å kombinere arbeid med pleie- og omsorgsoppgåver.	Høyringsfrist 20.02.09.